



Kristlaug sel garn til jentene

Rundt rekna 25 damer kunne ynskje kvarandre godt, nytt strikkeår i Gamleskulen i kveld. I regi av Uskedalen Utvikling vart det avvikla ein ny aktiv kveld for slike som er fingerferdige og det var grunn til å vera imponert over frammøtet. Det kom 1 frå Os, 1 frå Nesttun, 2 frå Samnanger og 3 frå Omvikdalen i tillegg til uskedalingane og initiativtakar Jane Haaranes lovar ny strikkekafe i februar.



Fargerik freisting

Kristlaug Børke frå Rosendal stilte opp med garn som var særdeles fristande i all sin fargerikdom og ho sponso også gevinstane i eit lynlotteri til inntekt for TI-aren.



Loddsal var det også

Kafeleiinga var tenesteviljug til stades og sørga for at dei som strikka også fekk noko å eta. Kristlaug har også møtt med garn seinast før jul i Omvikdalen som også har sin strikkekafe, men ho fortel at frammøtet er vel så bra i Uskedalen. Det såkalla sterke kjønn glimra med sitt fráver også denne gongen, men eitt eksemplar av arten var visstnok i døra men mista motet ved synet av dei strikkande. Derimot var 2 svært unge damer frå bygda på plass og let fingrane gå. Dei var Kristiane Skjelnes og Victoria Haaranes som er 7 og 8 år gamle og begge bur i Halsabrotet. Så det er visst tross alt inga rekrutteringskrise.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Trio frå fjern og nær: Åshild Orrebakken frå Os, Sølvi Erdal frå Nesttun i Bergen og Monica Hjelmeland frå Omvikdalen